

Halling- iom



Læsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~
~ N.R. 1/17 ~

INNHOLD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Innkalling til årsmøte	side	6
Kvedarkvintetten	side	7
Årsmelding for Hallinglaget	side	8
Minikurs i hallingspringar	side	11
Konsert med Per O Noss	side	12
Program for våren	side	13
Årsmelding for Hallingbu	side	14
Stoda i BLS og NU	side	16
Minneord Einfrid Perstølen	side	18
Bildeside	side	19
Lagsinformasjon	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Godt nyttår alle saman! No skriv me 2017!

Eit aktivt danseår ligg bak oss, øvingane annan kvar onsdag går rimeleg bra! Våre kjære spelemenn/ kvinner stiller opp og folk skriv seg på kakebakarlista så me stort sett har heimebaka kake kvar gong! Takka vere at folk kjem på danseøvingane våre og at me har så rimeleg husleiga i Nordahl Bruns gate kan me halde på! (me eig jo huset sjølv!).

Det eg er mest nøgd med i året som gjekk er Kulturvelden 16. september som fylte alle salane i Nordahl Bruns gate 22, det store Helgekurset i hallingspringar, dei to minikursa i hallingspringar, samt den fine Juleavslutninga med konserten med Kvedarkvintetten. Det er så moro når folk møter opp! Og det er særstakt viktig at folk stiller opp på det me skipar til, elles kan me ikkje halde på! Så eg håper at folk i framtida også vil verne om sin eigen kultur,

Heldigvis har me eige hus! Så me kan skipa til ulike arrangement ... og finne på meir enn det me gjer! Fantasien er antakeleg for därleg, og me vil diskutere visjonar og planer for framtida på Årsmøtet vårt 1. mars. Det er også ein møteserie over tre kveldar denne vinteren, der BLS vil diskutere framtida med medlemmene sine, så møt gjerne opp på det.

Nytt av året: me vil skipa til ein veldedighetskonsert for å støtte døve barn i Afrika:

10. mars stiller ålingen Per O Noss opp med fullt band i Halli kl. 19.00.

Denne fredagen har me leigd Halli frå 18.00 til midnatt. Det blir ein koseleg konsert som vil høve for dei fleste, i kategorien visepop/poprock, der Per syng på norsk/halling/dialekt. Han har halde på ei stund og har gitt ut fleire plater. Per har deltatt på to Landskappleiker i Åpen Klasse og han har vore med på TV og festivalar. Han har også med seg fire særstakta musikarar som vil spele for oss tett på. Under konserten i Halli blir det også ei pause det folk kan kjøpe rimelege kaker med kaffi/té, prate med folk, samt eit loddssal for den gode saka:

*Alle pengane som kjem inn vil gå til «**Deaf Aid for Africa**».* Sjå eigen side om dette i bladet. Per har også halde ein slik konsert på Ål, den fekk gode kritikkar i Hallingdølen. Laget vil også sørge for at me kan danse ein god time etter konserten, og ete opp resten av kakene når me fyrste er så mange samla! Så møte opp på denne kulturfesten i laget, inngangspengane er den runde sum på 200 kr som går til Deaf Aid.

Ei anna god sak eg kan nemne er at det no har roa seg med kampsakene i BLS. “Alle” innser no at drift ved Olav Thon er best, han tar no fatt på å drifta i fem nye år, der han får betaling for drifta (dei fem fyrste åra var gratis!). Styret i BLS innser no at det viktigaste er rekruttering og at laga får best mogeleg tilhøve for aktivitetane sine. Dei er også opne for nye aktivitetar og ein bør merke seg dei gode og rimelege salane som me har midt i sentrum. Om nokon i Hallinglaget ville starte opp med noko, er det også mogeleg å få støtte, særleg om ein vil jobbe mot barn/ungdom. Elles blir “alle” leiarane eitt år eldre kvart år, dei einaste friske pusta er leiarane i Banelaget og i Bygdelagskoret. Om det er nokon som kan tenke seg å gjera ein innsats for BLS og laga er alle velkomne til det. Eg håper alle såg annonsa som vart sendt ut på e-post i januar, der BLS søker etter ein administrativ leiar for utleige av salar og hjelpe laga i løna stilling.

Ei nemnd det kan være interessant å vere med i er Eigedomsnemnda i BLS, for dei gleder seg over god økonomi i garden slik at det no er mogeleg å få gjort noko. No finns det pengar for å få til oppussing og modernisering. Då er det sjølv sagt meir moro å drive på. Og dette er

viktig, for det er ikkje noko å ha pengar, ein må ha folk til å drive på også. Elles blir det ofte å kaste pengane ut av vindauge.

Hallinglaget treng også medlemer som vil melde seg inn til Norge Ungdomslag, slik at me er eit lag med ein viss tyngde! Så det er kjempefint om folk nyttar medlemsgiroen som ligg ved denne avisā.

***Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22! Bli med å dans i året som kjem ...
Kos dikkon med Hallingljom!***

*Beste helsingar
frå Terje Grangård
Leiar i Hallinglaget*



Fotograf: Svein Sølvberg.

Helgekursen i år, 5. og 6. november, var scers vellykka. Her den fine gjengen frå sundagen i Storsalen. Med så gode instruktørar og spelemenn og når det kjem så mange ivrige danserar må det bli bra. Dette kurset var eitt av dei beste me har halde nokon gong. Takk til alle, på venstre side av biletet ser me Simon Hesselberg Løvald, Helga Myhr og Silje Risdahl Liahagen. Dei som laga til den fantastiske maten (som gjer at folk kjem att år etter år) vart ikkje med på bildet ☺

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2017

I HALLINGLAGET I OSLO

Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget
Onsdag 1. mars kl. 19.00
i
Blåsalen
Nordahl Bruns gt. 22.

Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2016
4. Godkjenning av rekneskapen for 2016
5. Arbeidsplan for år 2017
6. Fastsettjing av prisar og medlemspengar
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)
8. Diskusjon: Visjonar for framtida for Hallinglaget og BLS
(Les gjerne artikkelen i dette Hallingljom om saka)

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 15. februar 2017.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2016, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Vel møtt!

Førjulskonsert med Kvedarkvintetten

Først må jeg takke Terje og Kvedarkvintetten for en fantastisk førjulsgave!

Jeg, som har min musikalske bakgrunn fra klassisk musikk, blir stadig minnet på folkemusikkens store fortrinn når det gjelder samspill, og på denne konserten ble det svært tydelig! Kvedarkvintetten er et eksempel på finslipt, finjustert kammerspill, men siden det er innenfor folkemusikkens rammer blir hver sangers personlige uttrykk viktig for helheten. Og fordi dette var en intimkonsert fikk vi oppleve hvordan hver av jentene stod fram med sin ”stemme” - og da mener jeg ikke bare sangstemme - men at de fylte ”scenen” med fem forskjellige personligheter. For meg ble dette den viktigste delen av opplevelsen: Det å få nærblikk med hver enkelt av sangerne, og samtidig kunne ”bade” i det estetisk finslipte uttrykket til gruppa som helhet.

Det var en variert konsert, med julesanger, tralling, salmer og ballader. Gruppa vekslet mellom kvintett, solo, duett og instrumentale innslag på hardingfele og lyre (Helga og Margit). Det meste var tradisjonsstoff fra Hallingdal, med enkelte nyskrevne sanger.

Jentene i Kvedarkvintetten fylte Blåsalen med god førjulsstemning, en opplevelse av å være sammen her-og-nå, i *dette* rommet. Takk for en mangfoldig musikalsk opplevelse!

Kari Mariussen, Nesodden 25.01.2017



Kvedarkvintetten i Hallinglaget desember 2016. Fra venstre: Margit Myhr, Tonje R. Liahagen, Sina Myhr, Helga Myhr og Silje R. Liahagen. Fotograf: Svein Aasen.

Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2016

Styret:

Leiar: Terje Grangård.
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen.
Kasserar: Gro Sissel Taraldrud.
Skrivar: Heidi Wie.
Styremedlem: Else Mohn.
Styremedlem: Silje Risdal Liahagen.

Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn
Medlemer: Michel Gascoin, Trond Roseth og Hilde Kirkebøen.

Bladnemnd: Terje Grangård, Svein Aasen og Else Mohn.

Danseleiar: Silje Risdal Liahagen.

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

Revisor: Alix Cordray

Hallinglaget hadde årsmøte den 2. mars i 2016. Dette året hadde Hallinglaget 34 fullt betalande medlemer og 11 bimedlemer. Av medlemene var to personar under 26 år. Dette er fem medlemer mindre enn i fjor! Antall medlemer er særstakt viktig for laget, så bruk innbetalingskortet! Skal Hallinglaget overleva på sikt må me ha rekruttering, så laget håper å få med fleire medlemer og unge neste åra. Merk at det er ekstra rimeleg for dei under 26 år og bli medlem (kun 200 kr.).

Dette året har også vore eit aktivt dansår, der mange gode spelemenn og kvinner har spelt for oss. Våren 2016 hadde laget heile 9 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Bruns gate 22. Det var godt og variert spel på desse øvingane: med både Hilde Kirkebøen, Helga Myhr, Ola R. E. Imset, Atle Haugen og Henrik Meyer Jakobsen på hardingfele. Etter den siste, ekstra springarøvinga denne våren (1. juni), var nokre av oss innom ein uterestaurant ved St Olavs plass for ein utepils! Då var det vår og sommar og me opplevde kor fint det kunne vere i hovudstaden.

Hausten 2016 hadde Hallinglaget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Spelvinner som spelte for oss denne hausten var Helga Myhr og Karin Code på hardingfele, sistnemnte gjesteartist frå USA! Spelemenn som spelte for oss var Atle Haugen og Ola R. Imset, begge på hardingfele. Atle og Ola spelte også saman på juleavslutninga vår som er omtala i eit eige punkt seinare i årsmeldinga. På mest alle øvingane er det servert heimebaka kake, noko folk set stor pris på. Øvingskveldane har hatt eit oppmøte på 8 - 18 personar. Styret synes at det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden, og takker våre gode spelemenn/kvinner som stiller opp og spelar så bra for oss.

Dette året har me hatt fem styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift. Styremøta har vore i Nordahl Bruns gate, på onsdagar før springarøvingane startar opp. Stemninga på styremøta er god og til mat er pizza servert. På eit møte i haust hadde me besøk av Per O Noss og Marit Kolstadbråten, der me planla ein veldedighetskonsert som blir halde i Halli den 10. mars 2017. Me har prata mykje om korleis me skal rekruttere fleire folk, underteikna har til døme skrive ein del i

lokalavisa vår Hallingdølen, sendt ut tallause epost-meldingar, lagt ut info. på FaceBook og sett opp oppslag i Nordahl Bruns gate 22. Me oppfordrar alle til å møte opp seg på eit arrangement i ny og ne.

Hallinglaget arrangerte 2 minikurs i hallingspringar på sundagar dette året (24. januar og 2. oktober). Minikursa startar kl. 18.00 og varer i ein og ein halv time, før Folkedanskvelden startar. Desse kursa samlar omlag 20 deltakarar i alle aldrar og dei skapar god blest om dansen vår. Laget rettar ein stor takk til dei som gjorde desse kursa mogeleg. På det første minikurset var Silje Risdal Liahagen instruktør og på det andre var Sina Myhr instruktør. Vår særskilte gode spelvinne Helga Myhr spelte på begge kursa. Merk dykk at desse minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er gode! Her kan ein repetere eller prøve seg på nye dansar, alt frå rørospols til springleik. Spesielt polskursa er populære, og hugs at i år er det Landskappleik på Røros. Heldigvis er hallingspringaren så populær at minikursa går i balanse, også fordi at dei som heldt det ikkje krev store honorar! Hallinglaget satsar på desse minikursa og vil halde fram med dei.

Nokre av medlemene i Hallinglaget vitja også i år Den norske Folkemusikkveka på Ål, siste helga i mai (26. mai - 30. mai). Underteikna tok seg fri på fredagen og fekk med seg underhaldninga torsdag/fredag som alltid er bra (Quiz, Frokostspringar og Intimkonsertar). I år var det Festival meir enn nokon gong før, med stort telt framom Sundrehall, der det var nokre usedvanleg bra konsertar (plukka fram av Ulf-Arne). All dans var inne. Hallinglaget vil satse på ein fellestur i år, for dette er viktig for samhaldet i laget. Og merk dykk at me tilreisande blir tatt godt imot på Ål!

Den årlege Spikjikjøtturen til Hallingbu var onsdag 8. juni i godt somarvær, og me 10 som var med var svært nögde. Ein stor takk til dei som deltok og åt spikjikjøt! Det er moro at folk kjem på turane våre. Det er referat frå denne turen i Hallingljom 2/16. Takk til Else Mohn, Gro Sissel Taraldrud, Heidi Wie, Jette Iversen, Trond Roseth, Michel Gascoin, Johnny Lund, Geir Røvde Johansen, Ove Bakken og underteikna. Alle kan skrive under på at marka er på sitt beste på denne tida.

*Det vart «berre» **ni** års deltaking på rad i Lagdans på Landskappleiken! – Dette året var det for bratt! – svært mange var forhindra frå å delta dette året. Det var så vidt eg kom meg i veg også, men takka vere at det vart ei ledig seng i bufelleskapet til Svein Aasen, slo eg til og fekk oppleva ein fin og innhaldsrik Landskappleik på Vågå. Vågå er dyktige til slikt, dei kan å arrangere – det var kompakte leiker og eg budde berre 10 minutt frå Kulturhuset/Idrettshallen.*

Nivået i Lagdans blir stadig betre, dette året fekk eg sjå eidel, og eg heia på BUL, Valdrelaget og laga frå Hallindal og Valdres. Mest imponerande var kanskje klassa Lagdans Junior – då såg ein kor i landet ein har god opplæring av barn/ungdom i norsk folkedans! Hurra for alle dei unge – dette varma eit dansehjarte ...

Nytt av dette året var at BLS med alle laga (18 stk) skulle være med på *KULTURNATTA I Oslo 2016*. Denne kvelden, fredag 16. september, vart vellykka, med liv og røre i alle salar. Særskilt godt dansespel, Bygdelaga dansa i halli og eg talde over 25 personar som er på Hallinglaget si epost-liste. Det var bra, og det er alt bestemt at me også skal vere med neste år og drive enno betre marknadsføring. For det var nokre lag som hadde alt for få deltakerar! Dei som sørga for bygdedansen i Halli var Laura Ellestad (valdresspringar), Helga Myhr (hallingspringar) og Kenneth de Gala (telespringar og numedalspringar). I Blåsalen var det Stildans og ein del kursing. I Storsalen var dei gamaldans av beste merke ved Østerdølenes Spelemannslag og ikkje minst Ingunn Bjørgos Trio (med Ingunn Bjørgo, Tonje Lien Barkenes og Åsmund Reistad) – betre gamaldans får ein ikkje i hovudstaden. Og Symra sørga for utsøkt mat (pølser + kaker) i kafeen, så det var full fart til langt på natt! Anslagsvis så var over 200 innom dørene i Nordahl Bruns gate 22 denne kvelden. Møt opp neste år! Alt er gratis unntake maten!

Hallinglaget skipa til eit nytt svært bra helgekurs i hallingspringar, helga 5. - 6. november, der alt klappa! Dette kurset er eitt av dei beste me har skipa til, der folk lærte svært mykje og alle var nøgde. Ein stor takk til dei framifrå instruktørane som synte alle turane så bra: Silje Risdal Liahagen og Simon Hesselberg Løvald. Dansespelet var kjempebra, på laurdagen spelte Atle Haugen for oss, og på sundagen spelte Helga Myhr meisterleg. Og maten som kvinnene i Styret/Laget laga, hausta applaus, den smakte godt som vanleg. Ekstra moro var det at heile Styret deltok, då er det moro å vere leiar! Det er godt at det finnes ildsjeler blant oss. Og heldigvis er det såpass mange som kjem att kvart år at me kan halde fram me desse kursa. Desse kursa er faktisk det beste Hallinglaget får til kvart år, og me har sikkert halde kurs i 25 år! Ein artikkel om desse kursa kan kome i Hallingljom, om underteikna får tid.

På Oslokappleiken på Riksscena, laurdag 19. november, klarte ikkje Hallinglaget å stille med lag på Lagdansen. Det var få lag på Lagdansen, tidleg påmelding og fleire lag i BLS slit for tida. Kappleiken drukna litt i Folkelarm 2016 (17. – 20. nov.), som er særskilt aktive dagar på Riksscena kvar haust. I år var det samstundes, på godt og vondt, moro for dei unge for dei kan vere med utover kveldne om dei hadde med føresatte. Det var gode konserter i år også, eg likte gruppa Vrang særskilt godt og gruppespellet til Sivert Holmen og Bjørn Kåre Odde. Dette var norsk på sitt beste. Utpå natta vart det kjempegod folkedans og gamaldans, det er mange som vil spele til dans! Av ungdom kan nemnast heile Vinstra Folkemusikklinje og Lom Toradergruppe (<https://www.youtube.com/watch?v=lk6FF3N4MT0>) med 7 ungdom under 16 år?

Hallinglaget var tilskipar av Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 22. mars og 15. november. Begge desse gongene spelte Enebakk Spelemannslag der Ola R. Imset er med og spelar. Alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen! Kvar sundag er det gode spelgrupper som spelar til dans der. Om folk ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må folk ta seg ein tur nokre sundagar i året. Og ta gjerne med dykk ein danseglad person til, slik at me blir fleire. Eg foreslår at me satsar på ein sundag kvart halvår, der Hallinglaget stiller opp med fullt mannskap og set fart på dansen.

På Juleavsluttinga den 7. desember, inviterte Kvedarkvintetten til konsert, til stor glede for Laget. Det vart ein søkkande bra konsert, der alle som kom vart servert gløgg og småkaker. Etter konserten vart det bordsete for dei som ville vere med vidare utover kvelden, der me kosa oss med fleire kaker enn det nokon gong har vore i Hallinglaget. Samt julekake og klementiner. Alle ville bake kake, så det var god moro! Likevel fekk med dansa i over ein og ein halv time, til godt springarspel ved Ola R. Imset og Atle Haugen. Ein stor takk til alle som kom. Takknelegheit til alle som bidrog; me kan visst me vil!

Hardingfela til Hallinglaget vart i desember leigd ut til ein som danser i BUL. Han heiter Henrik Kamphus, er ven med Simon, og har no meldt seg inn i Hallinglaget som felereglane krever. Henrik er god til å danse også, så me håper han kjem innom for ein dans no og da.

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar. Begge utgåvene i år er trykt i farger hos CopyCat på Helsfyr, det er fine utgåver, men dei kostar pengar. Så papirkopier bli no berre sendt ut til medlemer, til dei som kjem på øvingane og til dei som er nemnt i bladet. Dei andre får avisar på elektronisk form. Arbeidet med lagsbladet er viktig, både for PR-arbeidet og når me skal søker om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje har også dette året laga aktivitetsguidar for våren og hausten og har oppdatert nettsidene våre på www.hallinglaget.net. Her ligg også dei siste utgåvene av Hallingljom lagra.

Dette året fekk Hallinglaget diverse stønad frå Sparebank 1 Hallingdal Valdres, Skue Sparebank og frå Studieforbundet for kultur og tradisjon i Vågå. Tilskipingane våre har også dette året gått relativt bra. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget.

Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til eit nytt år.

Leve Hallinglaget!

*28. jan 2017,
Terje Grangård*



*Årets mest vellukka tilskiping i Hallinglaget? **Helgekurset i hallingspringar!***

Her er eindel av dansegjengen frå laurdagen, då dansa me i Halli. Halli er ein kjempefin dansesal som er pussa opp til topp standard. Fremst på bildet er Terje, Simon, Silje, Michel og Heidi. Til høgre ser ein spelemannen Atle Haugen med fela. *Fotograf: Svein Aasen.*

MINIKURS i HALLINGSPRINGAR Sundag 5. februar i Halli kl. 18.00

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved **Knut Skrindo**, A-klasse dansar frå Oslo med røter frå Ål.
Her vil det ein fin mogelegheit til å friske opp/prøve seg på hallingspringaren!

Inngangspengar: 120 kroner (80 kroner for studentar) som gjeld for heile kvelden.

Ålingen Per O Noss klar for å spele i Oslo igjen!

Det er eitt og eit halvt år sidan Per O Noss gav ut sitt andre album "Redningsmann", med releasekonsert på Herr Nilsen. No er han klar for storbyen igjen, og denne gongen spelar han i "Halli" i Nordahl Brunsgate 22, der Hallinglaget og resten av Bygdelagsskipnaden heldt til. Denne gongen går inntektene til Deaf Aid, ein hallingbasert hjelpeorganisasjon som driv bistand til døve barn i Kenya, så dei kan gå ein trygg og god skolegang i møte. Noss har gjort støttekonsern for Deaf Aid før, den gongen på Ål, og resultatet vart ein inngangsport så den nyaste skola utanfor Nairobi kunne opne.

Etter det vart artisten ivrig etter å hjelpe Deaf Aid`s arbeid vidare:

Fredag 10.mars kl.19.00 stiller han med fullt band: Kai Løland (gitar), Lewi Bergrud (bass), Lars Jonas Bergo (tangenter) og Martin Hystad (trommer).

Vi håper på at så mange som mogleg tek turen denne seinvinterskvelden for å høre på god norskspråkleg musikk og støtte ei god og viktig sak! Vi byr også på kaffe og kaker, og tradisjon tro på Deaf Aid sine arrangement, så blir det loddsgalg og triveleg stemning. **Billettpriis: NOK 200,-** Det kan være lurt å ta med kontantar til kaffe, kaker og cd-salg, men det lar seg også gjere å vipse. Vel møtt!

Per



Per O Noss frå Ål, skriv gode tekstar på norsk/halling og han syng bra! Han har med seg fullt band denne kvelden, så no vil me ha liv og moro i Halli 10. mars!
Sjå www.peronoss.no

HALLINGLAGET i OSLO vår 2017

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

18. jan.	Springarøving kl. 19.00.
1. feb.	Springarøving kl. 19.00.
15. feb.	Springarøving kl. 19.00.
15. mar.	Springarøving kl. 19.00.
29. mar.	Springarøving kl. 19.00.
26. apr.	Springarøving kl. 19.00.
10. mai	Springarøving kl. 19.00.
24. mai	Ekstrarøving kl. 19.00. Utdeling av diplom til ihuga dansarar.

Andre viktige hendingar dette halvåret:

**Sundag 5. februar: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00.**

Det blir instruksjon i ein og ein halv time ved
Knut Skrindo, A-klasse dansar frå Oslo . Møt opp!

Onsdag 1. mars: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!

Startar presis kl 19.00 i Blåsalen. Medlemer oppfordrast til å møte!

Sundag 5. mars: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden frå kl. 19.30.
Denne kvelden er det **Enebakke Spelemannslag, med Ola R. Imset**, som spelar.
Dei er gode å danse til, så møt opp og kjøp våre gode vaflar!

10. mars: Veldedighetskonsert i Halli kl. 18.00. "Deaf Aid for Africa!"
Per O Noss med Band speler! Kaffi og kaker, pris kr. 200,-
Etter konserten blir det Springardansing for dei som vil danse!

25. mai – 29. mai: Folkemusikkveka på Ål!

Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med!
Hallinglaget vil leige ei hytte eller to ein høveleg stad.

Onsdag 7. juni: Spikjikjøttur til Hallingbu!

5. juli – 9. juli: Landskappleik på Røros!

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (48 20 46 52), (grangard@online.no)
Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), (beritsatelier@hotmail.com)
Gro Sissel Taraldrud: (48 03 49 43), (gst@cultura.no)

Årsmelding Hallingbu 2016

I året som har gått har Terje og Michel stått for størsteparten av dugnadsinnsatsen.

Dei har fått satt i stand ein oldering (ei ramme av 2x4 toms plank) te olla under brønnhuset.

Brønnhuset har dei difor fått heva opp, og eg er glad for at et så viktig arbeid vart gjort. Noko jobb står det fortsatt att der, som me tenker å ta fatt på te sumaren.

Terje har og snikker eit flott gardinbrett te det store stuguglaset, som han fekk montert i løpet av ein hausttur på hytta. Takk te dere to, og te oss andre som har hatt vett på bare å kose oss på turane.

På den årlege Spikjikjøttur te Hallingbu vart me ti stykker som tok turen ein onsdagskveld. Vêret godt både til ein fin tur gjennom skogen og til ein lang symjejtur i Ormtjern denne kvelden.

Spikjimaten nøyt me inne i peisvarmen, og ikkje minst Heidis heimebakst . Mette og nøgde vandra me heimover i ein lys sumarkveld. I den brattaste steinrøysa synte Liljekonvallplassen seg, me plukka fine bukettar for å ta sumaren med inn i stua heime.

Etter at eg for eit par år sida flytta te Telemark har det blitt nokre færre turar te Hallingbu for eigen del, men når eg tek turen gjev det stor glede kvar einaste gong. Turen i seg sjølv i skogen er fin, den tek ein tre kvarters tid der ein kan velje å gå beint gjennom skogen eller fylge vegen eit godt stykke først. Begge delar byr på ymse opplevingar skogen gjev, av lukt, lydar, stillhet, bær, dyr om ein er særstak heldig, og alt naturen rett og slett gjev berre gjennom seg sjølv i sin naturlegheit. Men for den som ikkje er kjend er det ikkje nødvendigvis like enkelt å finne fram te Hallingbu.

Fyrste gong syster mi og eg tok turen vart me bråkjeke da Terje meinte at me heilt klart var gode stigfinnare, og me tok korkje med kart eller kompass .Me gjekk oss bort i skogen og måtte losast på rett veg via telefonkontakt. Ei anna jente i laget prøva seg og innover, ho med kart og ein god kompis, men dei drog seint ein haustkveld og da vart det nokre omvegar via Langevatn og Valdreshytta før dei kom fram te hytta..

Så da eg vil oppfordre alle til å ta turen, og klok av skade, tenkte eg å skrive ned ei lita skildring av vegen te Hallingbu som vonleg gjer det enklare å finne fram te hytta:

Om ein tek toget gjeng ein av på Snippen, eller med bil kører inn i Maridalen te Snippen via Sandermosevegen og Sørbråtenvegen. Her er det plass te å parkere eit par bilar. Herifrå tek ein vegen gjennom undergangen og til høgre oppover i skogen. Før ein har gjenge nokre gongar kan det vera greitt å fylge skogsbilvegen ein god kilometer oppover heilt til denne sluttar. Vidare derfrå gjeng det ned ei lita helling og så er det å fylge blåmerka stig oppover mot venstre. Ganske raskt deiler denne seg i eit kryss, der ein tek te høgre. Det er god stig i kupert terreng ein god kilometer vidare før ein ser eit skilt med Hallingbu te venstre. Her må ein vera oppmerksam, skiltet er festa på ei stor bjørk, men er dverre ikkje så stort, men det er godt synleg. Fylge stigen heilt te enden og du er framme på hytta.

Eit anna råd: vær med nokre kjende på fyrste turen, til døme den årlege Spikjikjøtturen ...

God tur og varmt velkommen te Hallingbu !

Else



Hallingbu berre står der å ventar på besök! – bli med på ein tur då vel ? ...



Grillinga på Hallingbu når stadig nye høgder! Her er det myke god mat til svoltne gjester.

Informasjon frå Bjarte Totland, Valdreslaget 4. nov. 2016:

Informasjon frå styret i BLS

Forvaltningsavtale: Styret i BLS har godkjend ny forvaltningsavtale med Olav Thon, gjeldande frå 1.1.2017. Endring i forvaltningshonoraret, som betyr ein auke frå 75.000 kr pr. år til 750.000 kr år, men dette er framleis det beste tilbodet BLS har for å handtere utleige av hyblar/kontor, organisere naudsynt vedlikehald og føre rekneskapen for forretningsdrifta. Olav Thon vil betale oppussing av kontor og hyblar som dei leiger ut. BLS bestemmer frå 2017 sjølv leigeprisane ved utleige av salane.

Betre informasjon frå styret: Godkjende referat frå styremøta vil bli lagt ut på nettsida.

Skilting: Eigedomsnemnda skal vurdere betre skilting ved inngangen til NB22.

Bruk av kontoret bak møterommet for laga i BLS: Kan vere aktuelt å skaffe skrivar og kopimaskin som kan brukast til enkel produksjon av informasjonsskriv. BLS har og noko anna kontorutstyr som kan disponerast av laga. Det må finnast ei fornuftig betalingsordning for kopiering.

Internett: Ønskje frå leiarmøte i BLS om internett tilgang for enkel nettbruk (e-post/nettsider), og til vising av film frå nettet.

Lagskart i foajeen: Ei permanent oppslagstavle der laga kan informere om det som skjer. Innspel frå leiarmøte er å henge opp eit kart som viser kvar laga har geografisk tilknyting.

Redusert salliege: Vil bli vurdert i samband med budsjettet for 2017.

Eigedomsnemnda: Nytt golv er lagt i Storsalen. Foldedøra i Storsalen kjem ikkje tilbake, men det blir vurdert å sette inn ei ny dør tilsvarande døra inn til Halli.

Det er sett i gang anbodsprosess for nye toalett i Storsalen. Blir vurdert om det kan lagast trappeheis og HC-toalett.

Nemnda ønskjer å prioritere oppussing av kjøkkenet i 2017. Her vil det også bli ein anbodsprosess. I samband med dette senke golve i korridoren inn til kjøkkenet.

Fjernvarme Blir henta inn anbod for å installere fjernvarme. Arbeidet vil bli fullført når fyringssesongen er slutt. Her vil det bli sendt inn søknad om stønad.

Om kulturnatta 2016

Det var mykje bra, og mykje folk. Det var også ein del ting vi må forbetra om vi skal vere med til neste år.

Dansefesten var bra, og musikken var fantastisk bra. Litt lite folk i Halli og Blåsalen og det var lite oppmøte frå enkelte lag.

Var lite informasjon/kommunikasjon på førehand, informasjon/brosjyrar burde vore sendt ut før. Alle bør ta initiativ til å skaffe seg og dele informasjon

Det må vere ein kombinasjon med song og dans

Det er nødvendig å ”lokke” folk inn som er på vandring.

Konklusjonen til leiarmøtet er at vi bør vere med også til neste år. Då kan vi ha haustfest for medlemmene samtidig.

Bli betre kjend med organisasjonen vår – Noregs Ungdomslag

Styret i BLS ønskjer at alle blir betre kjend med Noregs Ungdomslag.

Torbjørn Lauen, styremedlem i NU orienterte om organisasjonen på leiarmøtet.

Kort fortalt skal NU arbeide med og for folkelege kulturaktivitetar og levande lokalmiljø. Stort spenn i aktivitetane i NU, frå folkedans, teater, til bunad, fritidsklubbar og idrett.

Store prosjekt i NU: Stort fokus på ungdomshus – Huset i bygda.

Starta opp NU Kulturformidling – sende ut kultur til alle husa. Det pågår no eit pilotprosjekt i Hardanger, i samarbeid med Det Norske Teateret.

Instruktøroplæring er viktig i NU. No er det ein desentralisert modell der lokallag eller fylkeslag kan be om å få kurs.

Folkepedia – Det skal etablerast ein nettportal med instruksjonsvideoar, som viser ulike dansar (pilotprosjekt)

Møteplassar i organisasjonen: Landsmøte i april, som er den viktigaste arenaen i NU for 14.000 medlemmer i 400 lag. Viktig å delta og kome med innspel. Det er viktig at også Bygdelaga er med på dette møtet. Landsrådsmøte om hausten, der fylkeslaga har plikt til å møte. Sommarleiren, for ungdom mellom 13 og 25 år. I 2017 er det på Fana folkehøgskole utanfor Bergen. Det blir gode kurs. Ungdommane skal lære noko på sommarleiren. På leiren kan barn og ungdom lære å bli engasjert og seinare bli aktive i NU.

Prinsipp-program: Samfunnsengasjement, frilynte, nyskapande, tradisjonar, rusfri samværskultur, generasjonar. Prinsipp programmet skal diskuterast og vedtakast på landsmøtet i 2017. Sist det vart vedteke slikt program var i 2008. Viktig at laga er med på å diskutere dette. NU er ein stor barne- og ungdomsorganisasjon, men det er for stor del vaksne, til å få offentleg støtte.

Innspel frå leiarmøtet i BLS: Det er viktig at det blir rekruttert nye, unge folk. Men vi er også eit godt tilbod til folk oppi åra. Barnelaget er ein god rekrutteringsarena. Kanskje vi bør slå saman laga? Har Bygdelaga gått ut på dato? – Det er ikkje som før når folk flytta til byen. Er ikkje det same behovet i dag.

Lokal identitet er framleis viktig, også for ungdom no til dags. Men det handlar kanskje om meir enn folkedans. Er eit stort potensiale. Det at mange lag som har hytter. Der kan det vere eit potensial for rekruttering.

BLS har eit eige hus og det kan gjerast mykje.

Styret i BLS set i gang ein organisasjonsprosess som også ser på korleis BLS skal organiserast framover.

Mvh Bjarte



Bjarte Totland, kasserar i Valdreslaget i mange år og Økonomiansvarleg i BLS dei siste par åra.

EINFRID PERSTØLEN (1917 – 2017) – EIT MINNEORD

Einfrid Perstølen var eit viljemenneske og ein sterk personlegdom. Ho gjekk bort 7. januar etter eit langt og aktivt liv; det mangla mindre enn eit halvt år på dei hundre.

Kultur- og samfunnsengasjementet var farga av verdiane i heimen: norskdom, målsak, fråhaldssak, kvinnesak, frilynt kristendom og eit romsleg venstresyn.

Intellektuelt merkte ho seg ut som preseterist ved Voss off. landsgymnas i 1937. Det var ikkje vanleg at jenter frå bygdene tok seg utdanning den tida, men så hadde ho heller ingen vanleg bakgrunn: Foreldra i Ål, Dorte og bokhandlar Ola, var kjende drivkrefter i alt lokalt kulturliv.

I 1946 var Einfrid ferdig utdanna lege, samstundes med at ho under heile krigen hadde kombinert studiar i Skottland og England med aktiv teneste som sanitetssoldat og sjukepleiar.

For krigsinnsatset fekk ho Deltakarmetaljen med rosett. Det var stas i heimen kvar jul fram til 1957 å få personleg helsing frå Kong Haakon 7. Han hadde lagt merke til den energiske og ordhage kvinnen under krigsophaldet i England.

Einfrid vart gift med nevrolog Odd Grønvik i 1946, og tok etternamnet til mannen, slik skikken var. Me gløymer ikkje meldinga til gode vener i 1978: «Eg har no skifta etternamn. Dette må ikkje mistydast slik at eg ikkje lenger elskar mannen min. Men det er Perstølen eg heiter.»

Ho heldt fram med utdanninga innanfor psykiatri og barnepsykiatri, og vart i 1959 ein av dei fyrste spesialistane på området. Ved sida av å drive privatpraksis i Asker, vart ho nytta som førelesar både på Pedagogisk Institutt ved UiO og Det medisinske fakultetet.

Originale morgonkåseri i NRK, i alt 40, på klingande halling, var i si tid mykje omtykte. Heile landet visste då kva «ein svall» var. Serien ligg føre i boka *Som dagane går* (Fonna 1980).

Ti år seinare kom eit interessant hefte om Lått og leik på eige forlag. Det innehold songar, stev «reglu og rispu» i tradisjon etter Ola og Torleiv Perstølen.

Nemnast bør det at ho skipa Asker Mållag, sat i styret for Noregs Mållag, og lanserte på 1970-talet viktige nybrotsidear i målarbeidet. Ho var så strilynt og overtydande at ho greidde å få inn Noregnamnet på frimerke og pengesetlar.

Me lyser fred over Einfrid sitt strålande minne.

Hallgrim Berg

PS: Sjå bilde av Einfrid neste side:



Fantastiske Einfrid i finstasen, mangeårig medlem i Hallinglaget. Takk til ho for alt ho gjorde!
(Bildet er tatt fra Internett)

Eit anna bilde frå Internett:



Eit dyktig lag som tevlar på Landslappleikane, **Valdreslaget i Oslo**:

Bak frå venstre: Dag Hamre, Rune Hammarbäch, Arne Bäckmark, Østen Eek, Geir Nordtvedt, Svein Are Vatnehol og Bjarte Totland.

Framme frå venstre: Arna Desser, Elisabeth Bring, Brit Totland, Liv Nystrøm, Eva Grønholdt, Anne Stuvøy, Rita Standbakke og spelkvinne Laura Ellestad.

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2017

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ved første sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng pengar for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
 - Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget får 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Folkedanskveldar våren 2017

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!
Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	Storsalen kl. 19.30 -22.45	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
8. jan	Brødrene Kjorstad	Springleik	Numedalslaget
15. jan	Bærum spelemannslag	Bingsjøpolska	Sogn- og Fjordaneringen
22. jan	De Frilynde	Rørospols	Hordaringen
29. jan	Østerdølenes spellmannslag	Stildans	Symra
5. feb	Tonje og Stein Magne	Hallingspringar!	Valdreslaget
12. feb	Bærum spelemannslag	Bodapolska	Sogn- og Fjordaneringen
19. feb	Eiker spelemannslag	Springar frå Sunnmøre	Symra
5. mar	Enebakk Spelemannslag	<i>ikkje avklart!</i>	Hallinglaget i Oslo !
12. mar	Fanteladdane	Finnskogspols	Hordaringen
19. mar	Steinsgårdskroken	Rørospols	BUL
26. mar	Elise Tegner m/venner	Stildans	Symra
2. apr	Farande Fant	Bingsjøpolska	Sogn- og Fjordaneringen
	PÅSKA 2017		
23. apr	Dølalæte	Stildans	Symra
30. apr	<i>ikkje avklart!</i>	<i>ikkje avklart!</i>	<i>ikkje avklart!</i>
14. mai	Østerdølenes spellmannslag	Amerikansk dans!	Hordaringen
17. mai	De Frilynde	17. mai!	Folkedansnemnda i BLS
21. mai	Brødrene Kjorstad	Springleik??	Symra
28. mai	Sofienberg Spelemannslag og unge folkemusikere i Oslo	Nordlandspols?	<i>ikkje avklart!</i>

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 80,- / ikkje-medl. kr 120,- / Studentar kr 50,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 120,- som inkluderer**
påfølgjande Folkedanskveld!) Berre kr. 80,- for studentar.

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden: www.bl.no - fine sider!

e-post: post@bls.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

Styret i Hallinglaget 2016–2017

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 480 40 062 – mobil E-post: beritsatelier@hotmail.com
Kasserar:	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: gst@cultura.no
Skrivar:	Heidi Wie Slottsberget 71, 1385 Asker	Tlf: 975 23 734 – mobil E-post: heidi.wie@asker.kommune.no
Medlemer:	Else Mohn Reshjemvegen 247, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Silje Risdal Liahagen Sirevegen 449, 3579 Torpo	Tlf: 906 09 262 - mobil, E-post: siljerliahagen@live.no

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo Tlf: 482 04 652
E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Svein Aasen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn Tlf: 958 79 270
Reshjemveien 247, 3677 Notodden E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin, Trond Roseth og Hilde Kirkebøen.

Revisor: Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bl.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no.

Hallingbu



EREB
JR. 96